

## Flomoffer frå Odda til Ospelunden

03.09.2015



Opo herja og gjorde folk huslause

**Det kan vere mange grunnar til at folk flyttar til Uskedalen, men grunnen som Jan Nordli kan beretta om er spesiell. Han er flomoffer - nærare bestemt eit offer for herjingane til Opo. Saman med kona som er frå Filippinane, sat pensjonisten i heimlandet hennes og registrerte at han vart huslaus. Og då dei kom heim, konstaterte dei at det heller ikkje var noko brukbart alternativ i Odda. Difor gjekk turen til Kvinnherad, og etter grundige grankingar falt valet på Ospelunden då dei køyrde heim. Det var med andre ord det visuelle inntrykket som hadde mykje å seia.**

Nordli registrerer fornøgd at byggjinga er igang. Han er ikkje minst interessert i fiskeing og ser fram til møtet med elva.

Tekst,foto og nett Ola Matti Mathisen